



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1125 - 18/17948

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
05.06.2018

## Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til uttale - gbnr 172/4 Hopland

**Tiltak:** ny grunneigedom  
**Byggjestad:** Gbnr: 172/4 Seimsstranda 16  
**Tiltakshavar:** Sigvard Hopland  
**Ansvarleg søkjar:**

Vi viser til delingsak med vår ref. 18/1125 og byggesak 17/2879 – gbnr 172/4. Desse sakene vert sett i samanheng og sendt på høyring saman.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål, oppføre ny garasje på ca. 50m<sup>2</sup> på deler av grunnmur til reven driftsbygning og som skal dele endeveg med del av eldre driftsbygning som skal behaldast samt etablere ny intern avkøyrsel frå privat veg til den nye bustadtomta og etablere ny intern tilkomstveg på den nye bustadtomta.

Gbnr 172/4 er ein større landbrukseigedom i drift. Egedomen er etablert med to våningshus. Det nye våningshuset vart bygd i 1972 med nytt tun og ny intern tilkomstveg. Det eldste våningshuset samt deler av eldre driftsbygning skal utgjere den nye bustadtomta på ca. 1 mål. Det eldste våningshuset har vore brukt som heilårsbustad fram til 2015. Dei siste to åra har bustaden stått tomt. Den eldre driftsbygninga er ikkje i drift då det er ført opp nye driftsbygningar i 1989. Det er opplyst frå heimelshavar at den nye bustadtomta ikkje vil vere til hinder for drifta av garden.

Det er føretaket, Knut Willie Jacobsen, som fremjar søknad om dispensasjon på vegne av heimelshavar, Sigvard Hopland.

### Planstatus


Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanens arealdel (KPA) 2011-2023 er definert som LNF-føremål med særleg omsyn Landbruk. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.




Utsnitt kommuneplanen (KPA)



Utsnitt grunnkart



Utsnitt situasjonskart, datert 12.03.2018. Ny grunneigedom er merka med grøn farge.



### Tilkomst

Tilkomst til eigedomen må skje via Fv 401 og privat veg. Noverande avkjørsel skal stengast og det er søkt om utvida avkjørselløyve etter veglova. Det føreligg uttale frå Statens Vegvesen.

### Vatn og avløp

Eigedomen er tilknytt offentleg vatn- og avløp.

### Andre tilhøve

Dispensasjon er nabovarsla. Etter en foreløpig vurdering, så treng søknaden omdisponeringsvedtak samt delingsvedtak etter jordlova. Våningshuset er Sefrak registret. Det manglar noko dokumentasjon i høve intern tilkomstveg og privatrettslige avtaler. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhenta naudsynt dokumentasjon.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 172/4 Hopland  
Søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan  
Redegjørelse  
Andre vedlegg  
Uttale - Fv. 401 - Avkøyrslø - Gbnr 172/4 Hopland  
Uttale - Fv. 401 - Avkøyrslø - Gbnr 172/4 Hopland  
Søknad om utvida bruk av avkøyrslø - Statens vegvesen - gbnr 172/4 Hopland  
Dokument 1777074-6 Tilleggsuttale - Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø - Fv. 401 - Gnr. 172 bnr  
Tilleggsuttale - utvida bruk av eksisterande avkøyrslø - Fv. 401 - gbnr 172/4 Hopland  
Foto  
Dokument frå Statens vegvesen  
Situasjonsplan  
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 172/4 Hopland  
Andre vedlegg  
Tegningar  
Situasjonsplan  
Nabovarsling  
Søknad om dispensasjon  
Opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon  
Søknad om løyve til tiltak i eit-trinn - gbnr 172/4 Hopland

**Kopi til:**

|                      |             |      |      |
|----------------------|-------------|------|------|
| Knut Willie Jacobsen | Garvik      | 5912 | SEIM |
| Knut Willie Jacobsen | Garvik      | 5912 | SEIM |
| Sigvard Hopland      | Nesbrekka 2 | 5912 | SEIM |
| Sigvard Hopland      | Nesbrekka 2 | 5912 | SEIM |

**Mottakarar:**

|                          |               |      |        |
|--------------------------|---------------|------|--------|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE  | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Landbruksavdelinga       |               |      |        |
| Øyvind Stang             |               |      |        |